

2024-04-03 Pressemelding for H.K.H Kronprins Haakon si deltaking på Konkurransen unge forskarar sitt finalearrangement

H.K.H Kronprins Haakon deltek på Konkurransen unge forskarar(KUF) sitt finalearrangement den 26.04.2024 kl. 14 på Deichman Bjørvika. Kronprins Haakon er konkurransen sin høge beskyttar og vil dele ut prisar til finalistane under arrangementet. Vidare vil forskings- og høgare utdanningsminister Oddmund Løkensgard Hoel og ordføraren i Oslo Anne Lindboe vere til stades på arrangementet.

Presse må [registrere seg](#) for presseakkreditering innan den 19.04.2024. Presse som er til stades må kunne framvise gyldig pressekort.

Konkurransen unge forskarar er Noreg sin eldste forskingskonkurrans for ungdom og har over 50 års historie. Konkurransen er frå og med 2024 drifta av Akademiet for yngre forskarar (AYF). Med konkurransen ønskjer AYF å skape begeistring for vitskap og la ungdom oppleve moglegheitene som ligg i forskning.

«Forskning er ikke bare avgjørende for å forstå hvordan vår verden er, men også for å bestemme hvordan vår verden skal bli. Derfor er det avgjørende å få så mange ulike og modige mennesker inn i forskningen som mulig!»

AYF-leiar Feroz Mehmood Shah.

Finalistane i KUF kan vinne reiser til internasjonale seminar og konkurransar, mellom anna International Science and Engineering Fair i Los Angeles, USA, samt pengepremiar. Konkurransen er tverrfagleg med eigne klassar for naturvitskap og teknologi, humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, og ein eigen konkurranseklasse for ungdomsskulen. Dei 88 innsendte bidraga fordeler seg på dei ulike klassane over eit vidt spekter av tema, og blir vurdert av Konkurransen unge forskere sin akademiske jury. Juryen består av faste jurymedlemmar og konsulentar frå academia, som sikrar at alle får vurdert sitt bidrag av ein ekspert på feltet.

For presse:

Feroz Mehmood Shah

Leiar i Akademiet for yngre forskarar

402 13 030/ f.m.shah@ifikk.uio.no

Birger Berge

Prosjektkoordinator Konkurransen unge forskere

478 14 447/ birger.berge@yngreforskere.no